

SANT320 Praktisk metodekurs: Antropologisk feltarbeid

Ikke fastlagt pensumlitteratur

Mål og innhald

[SANT320](#) vidarefører forskingsprosjektet som er planlagt og skissert i [SANT302](#). Emnet føreset sjølvstendig arbeid under individuell rettleiing og skal setje studenten i stand til å skrive ei masteroppgåve basert på eige forskingsmateriale, som studenten samlar inn i løpet av sitt andre semester. Studenten har plikt til å skrive minst ein fagleg framdriftsrapport (feltrapport) som rettleiar skal kommentere skriftleg og godkjenne. Feltrapporten skal leverast midtveis i feltarbeidsperioden. Den skal innehalde foreløpige funn, refleksjonar over funna, eventuelle praktiske og metodiske problem studenten møter, samt arbeidshypoteser og planar for resten av feltarbeidet. Rettleiar skal snarast, og seinast innan to veker gje si tilbakemelding.

Læringsutbytte

Etter å ha avslutta emnet skal studenten kunne:

- Tileigne seg kunnskap om andre livsverder ved å ta i bruk antropologisk feltmetodologi der deltakande observasjon er sentral.
- Omgåast og kommunisere godt med menneske som har ulik sosio-kulturell bakgrunn.
- Ha nok empirisk materiale til å skrive ei etnografisk forankra analyse av eit sosialt og kulturelt univers.
- Skifte perspektiv og stille nye spørsmål i ljøs av ny kunnskap.